



Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Trine Lise Sagmo - Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 15/8084-2

Budsjett 2016 / Økonomiplan 2016-2019 Samferdsle

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til gjere slikt vedtak:

(Vedtaket skal inndelast i nummererte punkt med tal.)

1 Hovudutvalet for samferdsle rår til ei slik prioritering mellom programområda (i mill. kr)

Programområde	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
722 Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	435,733	485,074	509,994	496,396
730 Bilruter	254,036	231,061	225,179	223,512
731 Fylkesvegferjer	113,692	128,594	124,869	133,790
732 Båtruter	105,790	104,614	100,202	98,045
733 Tilrettelagd transport	8,592	7,122	6,632	6,632
Sum	917,845	956,465	966,875	958,375

2 Hovudutval for samferdsle rår til ei prioritering på tenestenivå for 2016 i tråd med saksutgreiinga.

3 Hovudutval for samferdsle rår til å løyve 0,675 mill. kr på teneste 4606 Diverse tilskott med følgjande fordeling:

- a) 0,525 mill. kr i tilskott til Fjellvegen mellom Årdal og Luster
- b) 0,150 mill. kr til prosjektet sykkelby i Førde

4 Hovudutval for samferdsle set av inntil 2 mill. kr av løyvinga til vedlikehaldstiltak på fylkesvegnettet til eit spleisela for utbetring av fv. 616 Kalvåg-Klubben. Det vert føresett at kommunen og næringslivet kvar stiller med tilsvarande løyvingar.

5 Hovudutval for samferdsle legg førebels til grunn ei fordeling av investeringsprogrammet for fylkesvegar slik det går fram i pkt. 3 i saksutgreiinga.

Vedlegg:

Søknad frå Førde kommune datert 10.8.2015 om tilskott til sykkelby.

Søknad frå Bremanger kommune datert 23.3.2015 om utbetring av veg mellom Kalvåg og Klubben

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget behandla 16. juni FT-sak 26/15 Økonomiplan 2016-19. I saka vart sektorrammene for det vidare arbeidet med budsjett- og økonomiplanarbeidet fastsett.

Hovudutval for samferdsle skal i denne saka gje tilråding på fordeling og innretning av sektorrammene for budsjett 2016.

Rammene for økonomiplanperioden 2017-2019 er omtalt i saka men det er ikkje lagt opp til hovudutvalet skal behandle dette særskilt no. Dette vil bli gjort som ein del av arbeidet med økonomiplanen våren 2016.

2. Budsjett 2016 / - økonomiplan 2017-2019

2.1 Overordna budsjetttrammer

Ramma til samferdslesektoren er i 2016 på 918 mill. kr. I tillegg er det i tertialrapport 2/15 lagt opp til ei fondsavsetning til vegvedlikehald på 20 mill. kr som skal nyttast til tunnelvedlikehald i 2016. Budsjetttramme vil bli omrekna til 2016-kr i samband med at kommunal deflator vert kjend i Statsbudsjettet for 2016.

Fylkesdirektøren har lagt til grunn innsparinger i sektoren på dei områda som vart nemnde i FT-sak 26/15. Desse er nærmere omtala under kvar enkelt teneste.

Kostnaden innanfor buss og båt vil ut frå våre prognosar bli redusert i dei komande åra sett i høve til opphavleg budsjett for 2015. Årsaka til denne utviklinga er dels reduserte kostnader i dei nye anboda samtidig som utviklinga i drivstoffprisar og lønnsvekst er låge. Reduserte kostnader til kollektivområdet gir moglegheit til å oppretthalde og kanskje auke løyvingane til drift og vedlikehald på fylkesvegnettet framover.

I ramma til samferdslesektoren ligg det 16,4 mill. kr knytt til drift av samferdsleavdelinga.

Fylkesdirektøren tilrar følgjande fordeling av sektorrammene i mill. kr:

Programområde	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
722 Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	435,733	485,074	509,994	496,396
730 Bilruter	254,036	231,061	225,179	223,512
731 Fylkesvegferjer	113,692	128,594	124,869	133,790
732 Båtruter	105,790	104,614	100,202	98,045
733 Tilrettelagd transport	8,592	7,122	6,632	6,632
Overføring til teneste 4606 Diverse tilskott	0,150	0,150		
Sum	917,995	956,615	966,875	958,375

3.2 Fordeling av midlar på tenestenivå

I det følgjande er det synt framlegg til prioritering av samferdsleramma på dei ulike tenestene.

Programområde 460 Tenester utanom ordinært fylkeskommunalt ansvarsområde

Teneste 4606 Diverse tilskott

Fylkesdirektøren tilrar ei løyving på 0,675 mill. kr. Løyvinga skal dekkje følgjande tiltak:

- c) 0,525 mill. kr i tilskott til Fjellvegen mellom Årdal og Luster, jf. avtale med AL Fjellvegen Årdal – Luster.
- d) 0,150 mill. kr til prosjektet sykkelby i Førde.

I HS-sak 13/15 behandla hovudutvalet for samferdsle søknad frå Fjellvegen Årdal-Luster AL om ekstra tilskott for 2015. Hovudutvalet gjorde vedtak om at tilskott skal vurderast som del av det ordinære budsjettarbeidet. Fylkesdirektøren legg opp til at tilskottet vert vidareført med lik sum som tidlegare år på 525 000 kr.

Førde kommune har i brev datert 10.8.2015 (vedlegg) søkt om at sykkelbyavtalen vert forlenga i ein ny periode. Fylkesdirektøren legg opp til å løyve 150 000 kr pr. år i 2016 og 2017 slik at sykkelbyavtalen kan vidareførast fram til 2018.

Programområde 722 Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak

Teneste	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
7220 Renter for vegforskotteringer	3,000	1,750	1,750	0,000	0,000
7221 Driftsmidlar overført til investering	19,377	11,845	14,000	14,000	11,100
7222 Fylkesvegar - drift og vedlikehald (netto)	412,267	397,719	444,905	473,775	463,077
7223 Fylkesvegar - uforutsette hendingar	22,000	15,000	15,000	15,000	15,000
7224 FTU - administrasjon og tiltaksmidlar	1,200	1,200	1,200	1,200	1,200
7225 FTU - trafikktryggingstiltak i kommunane	5,000	5,000	5,000	2,800	2,800
72299 Fylkesvegar - Kontorbudsjet	3,063	3,219	3,219	3,219	3,219
Sum	465,907	435,733	485,074	509,994	496,396

Teneste 7220 Renter for vegforskotteringer

Det er lagt opp til løyvingar i høve til vedtak i FT-sak 14/07. Løyvingane er knytt til kompenasjon for rentekostnader i samband med forskottering av kostnadane med Gullringen-tunnelen i Luster kommune. Det vert løyvd 1,75 mill. kr i 2016.

Teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering

Det er sett av 11,8 mill. kr i driftsmidlar til investering, jf. investeringsprogram for fylkesveg.

Teneste 7222 Fylkesvegar - drift og vedlikehald (netto)

Fylkesdirektøren tilrår ei løyving på 397,7 mill. kr til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. I tillegg er det tilråding i tertialrapport 2/15 om ei fondsavsetning på 20 mill. kr til tunnelvedlikehald i 2016. Føresett at fylkestinget gjer vedtak om dette i oktober 2015 vil samla løyving vere på 417,7 mill. kr. Dette vil ei brutto løyving på om lag 512,7 mill. kr.

Fylkesdirektøren legg førebels opp til at midlane vert fordelt slik:

Tiltak	Beløp (i mill. kr)
Drift	199,5
Driftskontraktar (driftskontrakt, elektrokontrakt, refusjon kommunar, generell drift)	192,0
Andre faste driftsutgifter (straum, tilskot veglys og andre bundne kostnader)	7,5
Vedlikehald	313,2
Høyangertunnelen	100,0
Tunnel	80,0
Bru/ferjekai - drift og vedlikehald	40,0
Dekkelegging/forsterking/vegmerking	30,0
Vegutstyr, miljø og andre tiltak (rekkverk, murar, grøfting, reparasjon m.m.)	63,2
Brutto drift og vedlikehald	512,7
Føresett mva. refusjon	95,0
Netto drift og vedlikehald	417,7

Den endelige fordelinga av midlane til drift og vedlikehald vert gjort i samband med utarbeiding av leveranseavtalen for 2016 mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen.

I driftskontraktane ligg det bindingar på om lag 155 mill. kr. Resterande midlar er føresett nytt til tingingsarbeid. Innsparingar knytt til drift på fylkesvegenettet vil bli vurdert våren 2016 som del av arbeidet med økonomiplanprosessen fram mot fylkestinget si behandling av økonomiplanen (2017-2019) i juni 2016.

På vedlikehaldsområdet ligg det konkrete bindingar i 2016 på om lag 170 mill. kr. Dette gjeld hovedsakleg Høyangertunnelen på 100 mill. kr og Bermålstunnelen på 61 mill. kr. I tillegg skal det gjennomførast anna arbeid på om lag 9 mill. kr samla.

I tillegg til dette har Statens vegvesen signalisert eit stekt behov for vedlikehaldstiltak i 2016 på om lag 40 mill. kr knytt til Osstrupen bru (20 mill. kr i 2016), Kvernhaugstunnelen (10 mill. kr) og tre bruer i Dyreneslia i Vadheim (10 mill. kr). Kostnadstala knytt til desse prosjekta er førebels berre anslag.

Fylkesdirektøren tilrar at det vert sett ac 2 mill. kr av løyvinga til vedlikehaldstiltak til eit spleislag for utbetring av fv. 616 Kalvåg-Klubben. Det vert føresett at kommunen og næringslivet kvar stiller med tilsvarende løyvingar. Søknad frå Bremanger kommune datert 23.03.2015 er vedlagt.

I den resterande delen av ramma til vedlikehald har vi eit visst handlingsrom for omprioriteringar, dette er særleg innanfor postane til Dekkelegging og Vegutstyr, miljø og andre tiltak.

Teneste 7223 Fylkesvegar - uforutsette hendingar

Det vert sett av 15 mill. kr til å møte uføresette hendingar på fylkesvegenettet.

Teneste 7224 FTU - administrasjon og tiltaksmidlar

Rammene til trafikktryggingsarbeidet vert vidareført med 1,2 mill. kr.

Teneste 7225 FTU - trafikktryggingstiltak i kommunane

Rammene til trafikktryggingstiltak i kommunane vert vidareført med 5 mill. kr. I tråd med FT-sak 26/15 er det lagt inn ein reduksjon i rammene på 2,2 mill. kr frå 2018.

Teneste 72299 Fylkesvegar - Kontorbudsjet

Det er sett av 3,2 mill. kr til lønns- og administrasjonskostnader på fylkesvegområdet.

Programområde 730 Bilruter

Teneste	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
7300 Buss - kjøp av teneste	185,450	186,765	191,176	196,569	194,902
7301 Buss -skuleskyss undertransp./div. grunnskulen	32,100	22,569	5,980	0,000	0,000
7302 Buss - skuleskyss vidaregående skule	21,700	15,000	3,333	0,490	0,490
7303 Ungdomstilbod	7,500	6,373	6,373	4,118	4,118
7306 Diverse kollektiv	10,820	12,074	12,941	12,745	12,745
73099 Bilruter - Kontorbudsjet	10,100	11,257	11,257	11,257	11,257
Sum	267,670	254,036	231,061	225,179	223,512

Teneste 7300-7301-7302 Buss

Desse tre tenesteområda omfattar kostnadane med det ordinære rutetilbodet med buss, samt skuleruter utført av undertransportørar. For 2016 blir det i hovedsak lagt opp til ei vidareføring av dagens rutetilbod. For å få til ei gradvis opptrapping fram mot vedtekne innsparingskrav på bilruter i 2018 og 2019 er det likevel føresett ruteendringar med ein kostnadseffekt på -1,8 mill. kr for 2016. Dette er effektiviseringar og ruteendringar som er vurdert til å råke få reisande. Desse ruteendringane vil bli handsama i Hovudutval for samferdsle i oktober.

Låge drivstoffprisar og gunstig pris på Sunnfjordanbodet som har oppstart 20. juni 2016 er med på å redusere kostnaden med å oppretthalde rutetilbodet i 2016.

Teneste 7303 Ungdomstilbod

Ungdomstilbodet omfattar Ungdomskort, Trygt heim for ein 50-lapp og Lokale transporttilbod for ungdom(LTU). For 2016 er det lagt opp til ei vidareføring av dagens tilbod. Bruken av ungdomskort har hatt ein negativ trend dei siste åra og budsjettet kostnad for 2016 er difor redusert med 1,0 mill. kr. i høve 2015.

Teneste 7306 Diverse kollektiv

Tenesta inneholder kostnader til terminalar, venterom, ruteinformasjon, elektronisk billettering, planlegging og marknadsføring. Det vert i hovudsak lagt opp til vidareføring av kostnadsnivå for 2015, men kostnad til terminalar og venterom aukar som følgje av at Sunnfjordanbodet vert sett i drift. I dei gamle avtalane om rutedrift som no vert erstatta med anbod er kostnad til terminal og venterom innbakt i kilometergodtgjersla.

Teneste 73099 Bilruter - Kontorbudsjet

Det er sett av 11,3 mill. kr til lønns- og administrasjonskostnader på kollektivtrafikkområdet.

Programområde 731 Fylkesvegferjer

Teneste	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
7310 Fylkesvegferjer	102,100	113,529	128,431	124,706	133,627
73199 Fylkesvegferjer - Kontorbudsjet	0,162	0,163	0,163	0,163	0,163
	102,262	113,692	128,594	124,869	133,790

Teneste 7310 Fylkesvegferjer

Det er lagt til grunn eit budsjett for ferjedrifta på 113,7 mill. kr i 2016.

I tråd med FT-sak 26/15 er det lagt inn ein reduksjon i rammene på 4 mill. kr i 2018 og 6 mill. kr i 2019.

Programområde 732 Båtruter

Teneste	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
7321 Båt - skuleskyss/veglause grender	5,816	5,325	5,325	5,325	5,325
7322 Båt - ekspress- og lokalruter	107,012	94,049	92,873	88,461	86,304
7323 Båt - diverse	4,960	4,902	4,902	4,902	4,902
73299 Båtruter - Kontorbudsjet	1,681	1,515	1,515	1,515	1,515
Sum	119,469	105,790	104,614	100,202	98,045

Teneste 7321-7322-7323 Båt

Båtrutene som fylkeskommunen finansierer heilt eller delvis er ei blanding av skuleruter, lokalruter, godsbåtrute, regionale ruter og ekspressruter. For 2016 er det i hovudsak lagt opp til ei vidareføring av dagens nivå. På same måte som på buss er det lagt inn ei gradvis opptrapping av ruteendringar for å møte innsparingskrav for 2018 og 2019, med ein kostnadseffekt på -0,3 mill. kr for 2016. Aktuelle ruteendringar vil bli handsama i Hovudutval for samferdsle i oktober. I tillegg er det sett inn ein mindre båt på ekspressruta mellom Sogn og Bergen som gjev ei innsparing på 4,8 mill. kr.

Låg drivstoffpris gjev betydeleg lågare kostnad til lokal- og ekspressbåt i 2016 samanlikna med 2015.

Programområde 733 Tilrettelagd transport

Teneste	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
7331 Tilrettelagd transport	9,909	8,592	7,122	6,632	6,632
Sum	9,909	8,592	7,122	6,632	6,632

Det er sett av 6,0 mill. kr. til ordninga med tilrettelagt transport (TT-ordninga). Dette er ei vidareføring av nivået i 2015.

Det er sett av 2,5 mill. kr. til serviceskyss i 2016. Dette er lågare beløp enn tidlegare fordi serviceskyssen er lagt inn i Sunnfjordanbodet for dei kommunane som er omfatta av anbodsområdet. Det er ikkje lagt opp til kutt i tilboden. 19 kommunar har fått tildelt midlar frå ordninga i 2015.

3. Investeringsprogram for fylkesvegar 2016-2019

I arbeidsdokument 3/15 vart det fastsett ei investeringsramme for fylkesveginvesteringar i økonomiplanperioden 2016-2019. Under følgjer framleggget til investeringsprogram.

INVESTERINGSPROSGRAM (faste 2015-kr)	SUM I PERIODEN	2016	2017	2018	2019
Store prosjekt	444,6	175,0	140,0	103,3	26,3
Fv. 60 Olden-Innvik, parsell Ugla-Skarstein	351,0	170,0	140,0	41,0	
Avviksfond Ugla - Skarstein	36,0			36,0	
Førdepakken	52,6			26,3	26,3
Fv. 609 Dalsfjordsambandet (sluttføring)	5,0	5,0			
Mindre utbetringar	73,9	24,0	43,5	3,2	3,2
Fv. 243 Aurland-Stegastein (ref. forskottering)	4,0	4,0			
Fv. 31 Daløy ferejekai - utbetring	20,5	15,0	5,5		
Fv. 633 Rasoverbygg Kleiva	43,0	5,0	38,0		
Fv. 53 Ny brøyttestasjon Holsbru	3,2			3,0	
Fv. 50 Ny brøyttestasjon	3,2				3,0
Gang- og sykkelveg	5,2	1,3	1,3	1,3	1,3
Fv. 546 Brandsøyvegen	5,2	1,3	1,3	1,3	1,3
Trafikktryggingstiltak	32,0	8,0	8,0	8,0	8,0
Planlegging og prosjektering	3,9	1,5	0,8	0,8	0,8
Avslutning av diverse prosjekt	2,0	2,0			
SUM INVESTERING	561,6	211,8	193,6	116,4	39,4

FINANSIERINGSPROSGRAM	SUM I PERIODEN	2016	2017	2018	2019
Mva-kompensasjon	88,6	37,0	34,6	15,0	2,0
Driftsmidlar	51,1	11,8	14,0	14,0	11,1
Div ubundne fond	42,0	21,0	21,0		
Lånemidlar	327,3	142,0	124,0	61,1	
Førdepakken (lånemidlar)	52,6			26,3	26,3
SUM FINANSIERING	561,6	211,8	193,6	116,4	39,4

INVESTERINGSPROGRAM (faste 2015-kr)	SUM I PERIODEN	2016	2017	2018	2019
Fv. 55 Gullringen	121,4	60,4	61,0		
Fv. 337 Bjødnabakken	106,1	90,0	16,1		
Fv.722 Flovegen (prosjektering)	2,0	2,0			
Mindre skredsikringstiltak - utfordelt	40,0	10,0	10,0	10,0	10,0
Til disposisjon	150,0		150,0		
SUM INVESTERING	419,5	162,4	237,1	10,0	10,0

FINANSIERINGSPROGRAM	SUM I PERIODEN	2016	2017	2018	2019
Mva-kompensasjon	55,9	19,0	33,1	1,9	1,9
Statleg tilskot	363,6	143,4	204,0	8,1	8,1
SUM FINANSIERING	419,5	162,4	237,1	10,0	10,0

Store prosjekt:

Fv. 60 Olden – Innvik, parsell Ugle – Skarstein er justert i høve forventa løyingstakt. Det er forventa at prosjektet vert lyst ut på anbod hausten 2015 med anleggstart vinteren 2015/2016. Ferdigstilling vert truleg hausten 2017. I tråd med tidlegare praksis er det lagt inn ei løying på 36 mill. kr, dvs 10 % av kostnadsoverslaget, til avviksfond for å møte ev. overskridinger i prosjektet.

Stortinget vedtok Prop. 137 S (2014–2015) - Utbygging og finansiering av Førdepakken i Sogn og Fjordane den 18. juni 2015 i samsvar med innstillinga. I denne utbyggignspakken er det er lagt til grunn 157 mill. 2015-kr i fylkeskommunale midlar fra 2018-2023, fordelt med 26,3 mill. kr årleg. Førebels er det berre desse løyingane som er lagt inn i investeringsbudsjettet.

Det er lagt inn ei løying på 5 mill. kr til sluttføring av Dalsfjordsambandet. Midlane skal nyttast til grunnerstatning og til eventuelle tiltak i samband med etterkontroll av utført rassikringstiltak langs vegen.

Mindre utbetringer:

Prosjektering av utbetring av Daløy ferjekai er kome godt i gang, og oppstart av prosjektet er planlagt i løpet av 2016. Statens vegvesen har ikkje laga endeleg kostnadsoverslag på heile prosjektet enno, men førebels estimat er på om lag 20 mill. kr. Dette er om lag 6 mill. kr høgare enn den løying som vi allereie har lagt inn til prosjektet. Kostnaden med tiltaka vi må gjennomføre i 2016 er rekna til om lag 15 mill. kr. Det er ytterlegare behov for om lag 5,5 mill. kr i 2017.

Det er lagt opp til å løye samla 6 mill. kr i 2018 og 2019 til nye brøytestasjonar på fv. 53 og fv. 50. Desse er i dårleg stand og det er behov for å bygge nye. Dette i tråd med Handlingsprogram 2014-2017 (23) der prosjekta er prioritert i perioden 2018-2023.

Andre tiltak:

Det er vidare lagt opp til ei løying på 2 mill. kr i 2016 som vil bli nytta til sluttSaldering av diverse prosjekt på fylkesvegnettet, samt nokre planleggingsmidlar i 2018 og 2019.

Skredsikring:

Det er staten sin handlingsplan for skredsikring i perioden 2014-2017 som legg rammer for det statlege tilskottet. Ut frå tildelt ramme i perioden har vi framleis til disposisjon 150 mill. kr. Løying til skredsikring frå 2018 vil først vere kjent når ny handlingplan for perioden 2018-2021 vert lagt fram.

Framlegg til investeringsprogram for skredsikringstiltak er oppdatert i høve framdrift på fv.337 Bjødnabakken. Vidare har vi lagt inn 2 mill. kr til prosjektering på fv. 722 Flovegen i 2016 som er det neste prioriterte prosjektet. Ledige midlar på 150 mill. kr er lagt inn til disposisjon i 2017.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere prioriteringar på samferdslebudsjettet og investeringsbudsjetten slik det går fram av saksutgreiinga.